



## Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Konsesjonsavd.  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 29.06.2021  
Vår ref: 21/03813-2  
Deres ref:

### Fråsegn til høyring av revisjonsdokument for reguleringa i Eidfjord og Ulvik kommunar

#### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG,NR, NO 974 760 282

#### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 25. mars 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vassdragsreguleringslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

#### Om saka

Forum for Natur og Friluftsliv, Eidfjord kommune og Ulvik herad har stilt krav om revisjon av vilkår for Bjoreio-, Sima- og Osavassdraga. Krava omhandlar først og fremst miljøbasert vassføring for anadrom fisk, tiltak for å redusere gjengroing og omsyn til turisme. Hovudformålet med ein revisjon av vilkår er å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Dette skal avvegast mot formålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon.

#### Fråsegn frå DMF

DMF har tatt ein gjennomgang av føreslegne tiltak og kan ikkje sjå at dei kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova.

Det er registrert tre førekomstar i Simadal. Ein av disse er i NGUs grusdatabase registrert med regional betydning<sup>1</sup>, dei to andre med lokal betydning<sup>2,3</sup>. Det er

---

<sup>1</sup> Sæ sand- og grusførekomst, regional betydning (NGU):

[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=106557](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106557)



registrert to uttak i drift i Simadal, Wold massetak og Fiveland massetak<sup>4</sup>. I Osa er det registrert to sand- og grusförekomst med lokal betydning<sup>5,6</sup>.

Vi ber om at vassdragsmyndighetene gjer seg kjent med lokaliseringa til masseuttaka og förekomstane. Det er viktig at desse bli teke omsyn til dersom ein ser at tiltak kan påverke uttak i drift eller moglegheitene for å hente ut massar frå dei registrerte förekomstane i framtida. Utover dette har DMF ingen merknader til høyring av revisjonsdokument for reguleringa i Eidfjord nord.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Øyvind Wormdal Selboe  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

Mottakarar:

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Konsesjonsavd. Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Kopi til:

---

<sup>2</sup> Selgjerd grusförekomst, lokal betydning (NGU):  
[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=106555](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106555)

<sup>3</sup> Tveit sand- og grusförekomst, lokal betydning (NGU):  
[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=106553](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106553)

<sup>4</sup> DMFs kartløysning: <https://minit.dirmin.no/kart/>

<sup>5</sup> Salbuvika sand- og grusförekomst, lokal betydning (NGU):  
[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=106571](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106571)

<sup>6</sup> Hjadlane sand- og grusförekomst, lokal betydning (NGU):  
[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=106569](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106569)